



Arkivnr: 2015/2358-1

Saksbehandlar: Berit Nyland

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet | | 17.03.2015 |

Gjennomføring av politisk skuleval ved dei vidaregåande skulane hausten 2015

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet (OPHE) 11.11.2014, der Bjørnar Hamre stilte spørsmål vedkomande rutinar og reglar for gjennomføring av politiske debattar hausten 2015 ved dei vidaregåande skulane, og bad administrasjonen leggje fram ei sak så snart som mogleg.

Fylkesrådmannen viser også til møte i OPHE 23.04.2013, melding om partipolitisk verksemd i skuletida (dok.nr. 201106594-3) og til melding 201106594-4; Skulevalkamp 2013 oppfølging av sak 201106594-3.

Det politiske skulevalet vert i år avvikla 7. og 8. september. Fylkesrådmannen vil leggje opp til eit opplegg på skulane som er mest mogeleg likt frå skule til skule, med både skuledebatt og valborg innanfor ei avgrensa tidsramme. Administrasjonen planlegg gjennomføringa i samarbeid med ungdomspartia og skulane.

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg for gjennomføring av politiske debattar og valborg ved dei vidaregåande skulane hausten 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Fylkesrådmannen, 23.02.2015

Innleiing:

Det politiske skulevalet vert i år avvikla 7. og 8. september. Utdanningsdirektoratet har overordna ansvar for skulevala og sender invitasjon om deltaking til skulane. Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste (NSD) er nasjonal arrangør og fagleg ansvarleg for gjennomføring og analysar. Fylkeskommunane vert oppmoda om å halde god kontakt med ungdomspartia og skulane for å sikre best mogleg logistikk rundt skuledebattar og valborg i fylka. Fylkesrådmannen vil følgje UDIR si tilråding om at skulane bør gjennomføre valet på dei offisielle datoane.

Skulane organiserer skulevalet lokalt. Dei melder seg på og legg til rette for valkampen på skulen. Vidare organiserer dei datainnsamlingane i tråd med retningslinene og melder inn resultat. På skulane kan det berre drivast partipolitisk aktivitet i klasseromma eller i undervisninga dersom rektor har gitt løyve til dette på førehand. Det er vidare opp til rektor å avgjere om det skal vere valkamp på skulen sitt område.

1: Plan for tilrettelegging av skuledebatt og valborg hausten 2015

Fylkesrådmannen ser det som viktig at elevane vert engasjerte i politikk og finn det positivt at dei politiske ungdomspartia får høve til å markere seg på skulen sitt område under valkampen.

Skuleeigar spelar såleis ei viktig rolle i høve til å informere og oppmode skulane om deltaking i skulevalet. Skuleeigar skal vere aktiv i koordineringa av skuledebattane og valborga. Fylkesrådmannen ønskjer derfor å leggje til rette for både debattar og valborg i forkant av skulevalet 2015. Dette er i tråd med UDIR si tilråding som har vore drøfta med ungdomspartia, Elevorganisasjonen og Norges barne- og ungdomsorganisasjon (LNU) på nasjonalt nivå.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at dei politiske debattane og valborga vert gjennomført så likt som mogleg på dei ulike skulane, og at dei vert gjennomført på ein ryddig måte. I planlegginga må ein ta omsyn til at skulane har avgrensa tid til å setje av til aktivitetar som ikkje er konkret bundne opp mot fagplanane.

Fylkesrådmannen føreslår såleis eit opplegg med følgjande ramme:

- Ungdomspartia innleiar med debatt på ca. 90 min. Deretter følgjer valborg på ca. 30-60 minutt. Det er føremålstenleg at debatten kjem før valborget; slik kan elevane kan få innspel til aktuelle spørsmål og kan få meir ut av valborga.

2: Plan for gjennomføring av skuledebatt og valborg:

| Aktivitet | Når: | Ansvar: |
|--|--------------|---------------------|
| Info om skulevalet til skulane | Februar | NSD og UDIR |
| Kontakte aktuelle skular for ev. samlokalisering | Mars | Opplæringsavdelinga |
| Utarbeide liste over valansvarlege v/skulane | Mars | Opplæringsavdelinga |
| Utarbeide forslag til dato og tid for debatt/valborg | Mars | Opplæringsavdelinga |
| Møte mellom oppl.avd. og partia om datoplan | ca. 20. mars | Opplæringsavdelinga |
| Informere skulane om datoplan for | Innan 25.03 | Opplæringsavdelinga |

| | | |
|---|-----------------|---------------------------------------|
| debatt/valtorg | | |
| Svarfrist tilbakemelding datoplan for skulane | 1.mai | Skulane/opplæringsavdelinga |
| Påmelding til skulevalet | Frå 1.april | Skulane/ NSD |
| Sende ut røystesetlar til skulane | August | Opplæringsavdelinga |
| Gjennomføring debattar/ valtorg | Veke 35 - 36 | Skulane/ungdomspartia i tråd med plan |
| Skuleval | 7. og 8.sept | Skulane/NSD |
| Evalueringsmøte med ungdomspartia | Veke 40 | Opplæringsavdelinga/ungdomspartia |

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.